



Arkivnr: 2017/2247-7

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av sertifikatlån 350 mill. kr

Samandrag

Eit 12-månaders sertifikatlån på 350 mill. kr forfell den 27. oktober 2017. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 12 mnd. sertifikatlån, tilrettelagt av Danske Bank Markets. Renta fram til 26. oktober 2018 er 1,08 %.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 350 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Danske Bank Markets. Renta fram til 26. oktober 2018 er 1,08 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.10.2017

Eit 12-månaders sertifikatlån på 350 mill. kr forfell den 27. oktober 2017. Renta på lånet har vore 1,30 % siste året.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt sertifikatlån. For tida er det liten skilnad i rentesats mellom 3 månader og 12 månader. Fylkesrådmannen ser det som gunstig å ha nokre 12-månaders lån i porteføljen. Desse låna har lågare rente enn meir langsiktige lån, samstundes som renta ligg fast i 12 månader framover, noko som er nyttig for arbeidet med prognosar og budsjett.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunder, og har fått inn desse tilboda:

Danske Bank Markets	1,080 %
SEB Merchant Banking	1,085 %
Nordea Markets	1,090 %
DNB Markets	1,113 %
Kommunalbanken	1,173 %

Danske Bank Markets har det lågaste tilbodet med 1,08%. Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Danske Bank Markets.